

Kvinnherad kommune tilbyr ny runde gratis HPV vaksine til alle kvinner født 1991 og seinare

Alle kvinner som er fødte i 1991 og seinare, fekk frå hausten 2016 tilbod om gratis vaksine mot humant papillomavirus (HPV-vaksine) gjennom eit toårig vaksinasjonsprogram. Programmet starta opp i november 2016. Vaksina er tilrådd til unge kvinner for å førebyggje livmorhalskreft og forstadium til livmorhalskreft forårsaka av HPV-infeksjon.

HPV-infeksjon er den vanlegaste seksuelt overførbare infeksjonen i verda. Dei fleste som er seksuelt aktive blir smitta i løpet av livet, mesteparten av dei i ung alder. Infeksjonen er som regel ufarleg og går over av seg sjølv, men somme får ein vedvarande infeksjon som på sikt kan føre til livmorhalskreft. Kvar år får om lag 300 kvinner i Noreg livmorhalskreft og 65-100 døyr av sjukdomen. Vaksina kan gje vern sjølv om ein har debutert seksuelt.

HPV-vaksina har vore ein del av barnevaksinasjonsprogrammet til jenter i 7. klasse sidan 2009. Frå hausten 2016 fekk uvaksinerte kvinner som er fødte i 1991 og seinare, tilbod om gratis HPV-vaksine. Tilbodet er mellombels og varar i ein to-års-periode frå hausten 2016. Vaksinasjonen består av tre vaksinedosar gitt over 6-12 månadar og må difor startast opp innan utgongen av 2018.

No startar siste runde med HPV vaksinerings til denne målgruppa.

Kva tid kan eg ta vaksina?

Tilbod om vaksine vert gjevne på fylgjande dagar frå klokka 13.00 til 15.30:

KOR?	1.dose	2.dose	3.dose
Husnes helsestasjon	30.08.17 og 01.09.17	02.10.17	09.04.18
Rosendal helsestasjon	28.08.17	02.10.17	09.04.18

For bestilling av time: Ring Husnes helsestasjon 53 46 16 20 eller Rosendal helsestasjon 53 48 32 12

Treng du vite meir?

- Folkehelseinstituttet: <https://fhi.no/sv/vaksine/hpv/informasjon-om-hpv-vaksine-til-unge-kvinner/>